

**Notat**

Dato: 04.07.2016
Arkivsak: 2014/15801-16
Saksbehandlar: gurklyv

Til: Rune Haugsdal, Fylkesrådmann
Frå: Guro Klyve, Eigedomsavdelinga

Bussanlegg i Bømlo kommune. Samanslåing av to bruksnummer.

I juni 2014 godkjente fylkestinget kjøp av eigedomar til bussanlegg på Leirvik i Stord kommune og Svortland i Bømlo kommune.

Romprogram for anlegga vart godkjent av fylkesutvalet 18.11.2015. Dei to prosjekta vert gjennomført som totalentreprisar, og skal stå ferdig til start av ny rutepakke for Sunnhordland frå 01.07.2017. Fylkestinget godkjente den 08.03.2016 det framlagte forprosjektet for dei to bussanlegga med ei kostnadsramme på 125 mill.kr.

Eigedomen fylkeskommunen kjøpte på Svortland i Bømlo kommune består av to bruksnummer; gnr. 89 bnr. 122 og gnr. 89 bnr. 127. Desse utgjer eit samanhengande areal på ca. 4 mål. Sjå vedlagte situasjonskart.

Den 09.05.2016 vart det sendt søknad til Bømlo kommune om rammeløyve til bygging av serviceanlegg for buss på eigedomen. Det omsøkte tilbygget vil dels ligge på bnr. 122 og dels på bnr. 127, og kommunen har gjeve rammeløyve på vilkår. Eitt av desse vilkåra er at dei to bruksnummerna må samanføyast.

Ei samanføyning vil ikkje vere til ulempe for fylkeskommunen. Ved å slå saman dei to matrikkeleiningane får ein eitt bruksnummer for heile arealet.

Vilkåra i matrikkellova for å slå saman dei to einingane er til stades.

Vi ber om at skjemaet «Krav om samanslåing av tinglyste matrikkeleiningar» vert signert. Fylkestinget har i delegasjonsreglementet punkt C *Delegasjon etter særlov*, i underpunkt 37 om matrikkellova, fastsett at fylkesrådmannen har fullmakt til å krevje samanslåing av eksisterande matrikkeleiningar.

Eigedomsavdelinga vil deretter sende skjemaet til Bømlo kommune.

Guro Klyve
Eigedomsavdelinga

Vedlegg